



Sluttar "verda" til Bergen Turlag nord for Uskedalen?

Bergen Turlags planleggjingskart, som er å finna i det nylig utgjevne turmagasinet som er bilag til Bergens Tidende, er oversiktleg og greitt. Det har berre ein ulempe: Det "sluttar" sør for Rosendal og har ikkje med korkje Omvikdalen eller Uskedalen, påpeikar fleire turentusiastar for uskedalen.no.

På kartet er alle Turlaget sine hytter innteikna og i tillegg nokre DNT-hytter i dei same områdene. Kartet viser også merka stiger.

På den andre sida inneheld magasinet eit stort, generelt oppslag om Kvinnherad under overskrifta "Opplev fantastiske Kvinnherad" og skreve av leiar i Kvinnherad Turlag Anne Kari Enes.. Der står det mellom anna at Kvinnherad har ein unik natur som og gjev utfordringar for dei som ynskjer bre- og klatreaktivitetar.

I oppslaget er det valgt ut nokre perler frå Kvinnherad Turlag sitt turprogram, mellom anna friluftsdagen på Fjellandsbø, som i år blir 10. august. I samarbeid med andre frilufsorganisasjonar blir det her lokka med aktivitetar for alle, som kanopadling, klatring, rapellering, tyrolertravers, ridning, fiske og matlaging på bål. Som i fjor skipar Barnas Turlag til indianarleir med overnatting i lavvo natta før.

Reportasjen har eit fantastisk bilete teke frå Gygrastolen. Turlaget lokkar med fottur dit 24. august.

Av Ola Matti Mathisen



.....men friluftsdagen på Fjellandsbø og indianarleiren natta før er med. Dette er indianarane i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)